



Retningslinjer for utdeling av bortebruarstipend til elevar frå kommunen som vil gå på Høyanger vidaregåande skule, men som ikkje kan nytte seg av offentleg transport til og frå heimen

1. Høyanger kommune yter for skuleåret 2013 og 2014 totalt kr 50 000 til stipend til elevar frå kommunen som vil gå på Høyanger vidaregåande skule.
2. Stipendet gjeld for elevar som ikkje dagleg kan nytte seg av offentleg transport til og frå heimen.
3. Stipendet på kr 50 000 vert delt likt mellom søkarane. Kvar elev kan likevel ikkje motta meir enn kr 10 000 i stipend frå kommunen pr skuleår.
4. Tildeling av kvart enkelt stipend vert gjort av rådmannen etter søknad frå eleven.
5. Søknadsfrist er 20.08. i kvart skuleår.
6. Stipendet blir utbetalt to gonger i skuleåret, innan 1. november i haustsemesteret, og innan 1. mars i vårsemesteret.
7. Kommunen kan krevje stipend attendebetalt dersom eleven ikkje fullfører skuleåret.